




EIDFJORD
KOMMUNE

Bestandsmål hjortevelt, fastsett i Eidfjord kommunestyre 13.03.2023



MÅLSETJINGAR FOR FORVALTNING AV HJORTEVILT



Langavasshalde, foto: Bente Elin Hereld

Innhald

1	Bakgrunn.....	5
1.1	Lov om jakt og fangst av vilt – Viltlova	5
1.2	Lov om forvaltning av naturens mangfald – Naturmangfaldslova	5
1.3	Lov om skogbruk – Skogbrukslova	5
1.4	Forskrift om forvaltning av hjortevilt – Hjorteviltforskrifta	5
1.5	Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort	5
1.6	Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt	5
2	Struktur i jaktforvaltninga.....	6
2.1	Jaktvald.....	6
2.2	Bestandsplanområde	7
2.3	Bestandsplanar	7
2.4	Viltfond	7
3	Jakt i Eidfjord.....	7
3.1	Hjort i Eidfjord	8
3.1.1	Nasjonal jaktstatistikk for hjort	10
3.2	Elg i Eidfjord	11
3.2.1	Nasjonal jaktstatistikk elg.....	13
3.3	Rådyr i Eidfjord	14
3.3.1	Regional jaktstatistikk rådyr	15
4	Utfordringar	15
4.1	Naturens bereevne	15
4.2	Sjukdom	15
4.3	Skadar.....	16
4.4	Trafikkpåkøyrslar	16
4.5	Andre utfordringar	16

5	Målsetjingar for forvaltning av hjort og elg	17
5.1	Bestandstettleik og samansetjing	17
5.1.1	Målsetjingar knytt til hjort	18
5.1.2	Målsetjingar knytt til elg	18
5.2	Helsetilstand og produksjonsevne	19
5.2.1	Målsetjingar knytt til hjort	19
5.2.2	Målsetjingar knytt til elg	19
5.3	Skadar.....	19
5.4	Kunnskapsgrunnlag og organisering	19
5.5	Arealbruk og trekkmønster.....	20
6	Målsetnad forvaltning av rådyr	20
7	Oversikt figurar og tabellar	21

1 Bakgrunn

Jakt og fangst var grunnlaget for busetjinga i Noreg då dei fyrste menneska slo seg ned etter isen trekte seg attende. Ei tid etter vart jordbruket innført, og vart ein større del av livsgrunnlaget. I dag er jakt meir nytta som rekreasjonsaktivitet, men utgjer framleis ein stor andel som matressurs.

Viltlova fastset kommunen som lokalt forvaltningsorgan for viltet og deira leveområder. Vidare legg *naturmangfaldslova* og *skogbrukslova* føring for korleis me skal tenkja kring forvaltninga. Kva oppgåver kommunen skal fylla tek *hjorteviltforskrifta* føre seg. Desse delane i kombinasjon legg grunnlaget for kommunane si hjorteviltforvaltning.

Med bakgrunn i § 3 i *hjorteviltforskrifta* skal kommunen fastsetja lokale målsetnader knytt til forvaltninga av hjortevilt i kommunen. Måla skal fungera som ein rettleiar til administrasjonen og politikarar. Mål og tiltak som vert framlagt, skal og vera eit grunnlag for bestandsplanar og tildeling av fellingsløyve.

1.1 Lov om jakt og fangst av vilt – Viltlova

LOV-1981-05-29-38

Viltlova har som føremål at viltet og viltet sine leveområde skal forvaltast i samsvar med *naturmangfaldslova* og slik at naturen sin produktivitet og artsrikdom vert bevart.

1.2 Lov om forvaltning av naturens mangfald – Naturmangfaldslova

LOV-2009-06-19-100

Naturmangfaldslova set krav om at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar vert teke vare på ved berekraftig nytting og vern. Lova skal også leggja til rette for at naturen skal kunna nyttast som grunnlag for mennesker sin verksemd, kultur, helse og trivsel.

1.3 Lov om skogbruk – Skogbrukslova

LOV-2005-05-27-31

Skogbrukslova skal fremja ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping. Det biologiske mangfaldet skal sikrast, det skal takast omsyn til landskap, friluftsliv og kulturverdiar i skogen.

1.4 Forskrift om forvaltning av hjortevilt – Hjorteviltforskrifta

FOR-2016-01-08-12

Denne forvaltningsforskrifta har som føremål å ivareta bestanden sin produktivitet og mangfald. Det skal leggjast til rette for ei lokal og berekraftig forvaltning som skal sikra næring og rekreasjonsmessig nytting av hjorteviltressursane.

Kommunen er mynde for store delar av hjorteviltforvaltninga. Gjennom hjorteviltforskrifta skal kommunen framsetja mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr. Kommunen har og ansvar for å opna for jakt på artane, samt fastsetja minsteareal. I samband med utøving av jakt vil kommunen tildela fellingsløyve, kunna godkjenne vald, bestandsplanområde og bestandsplan.

1.5 Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort

FOR-2011-05-15-537

Forskrifta om viltfond og fellingsavgift legg føringar for den økonomiske bakgrunnen for å fremja viltforvaltninga i kommunen.

1.6 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

DN-rapport 8-2009

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har utforma ein strategi for forvaltning av hjortevilt i Noreg. Strategien synleggjer utfordringar i forvaltninga og kva grep me må ta for å

handtera desse. Det vert definert fem målsetjingar:

1. Forvaltninga skal sikra livskraftige og sunne hjorteviltbestandar, eit rikt biologisk mangfald og naturen sin framtidige produksjon av økosystemets varer og tenester
2. Forvaltninga skal ha brei samfunnsaksept og legitimitet
3. Forvaltninga skal sikra samarbeid mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og berørte sektorar
4. Forvaltninga skal vera basert på høg kompetanse på alle nivå
5. Forvaltninga skal stimulera til auka kvalitet og mangfald av opplevingar, tenester og produkter



2 Foto: Jan Arne Bu, 2022

2 Struktur i jaktforvaltninga

Viltforvaltninga er forma utifrå *hjordreviltforskrifta* sine rårer. Denne legg føringar for vald, bestandsområde, bestandsplanar og viltfond. Desse saman skaper strukturen til jaktavviklinga.

2.1 Jaktvald

For eit område skal det ved ynske om jakt opprettast jaktvald med eit samanhengande areal tilsvarande eller større enn minstearealet sett i forskrift for arten jakta omfattar. For elg, hjort og rådyr skal det som hovedregel reknast skogareal og myr under skoggrensa som teljande areal. Kommunen har mynde til å godkjenne andre arealtypar om desse er av betydning for arten.

2.2 Bestandsplanområde

For større områder kan det opprettast eit bestandsplanområde. Her samarbeider fleire vald om forvaltning av eit felles område som må ha eit teljande areal på minimum 20 gongar minstearealet til arten. For eit slikt område krevst det utarbeidd ein bestandsplan for felling.

2.3 Bestandsplanar

Ein bestandsplan skal syna korleis eit større område skal forvalta hjortedyrførekomsten innan arealet. Bestandsplanområdet kan søkja om å få godkjent bestandsplan for 2-5 år. Planen skal setja mål for bestandsutviklinga og

avskytinga som skal vera i samsvar med kommunen sine overordna målsetjingar.

2.4 Viltfond

Kommunen har eit viltfond der fellingsavgifta frå hjort- og elgejakta vert betalt inn til. Fondet får også tilskot frå det statlege viltfondet. Bruken av fondet er lagt til viltnemnda i kommunen, og bruken vert regulert gjennom *forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (FOR-2011-05-15-537)* og lokale retningsliner vedteke av kommunen. Fondet vert nytta via søknad for å dekkja deler av kostnadar knytt til handtering av skadd vilt og fallvilt, førebygging av skadar på landbruksnæring og fremjing av viltforvaltning, kunnskap og jaktorganisering.

3 Jakt i Eidfjord

Eidfjord kommune er ein stor kommune i areal, som strekk seg over mange høgdemeter. Dette gjev variert natur, vær og artsmangfald frå fjord til høg fjell. Landskapet byr på lågtliggande lauv- og barskog, skogkledde fjellsider og snaue viddeområder.

I Eidfjord er jakt svært utbreidd blant innbyggjarar og tilreisande. Det vert jakta både på storvilt og småvilt. Av småvilt er det hovudsakleg fjell- og lirype, men det vert også felt hare, ender og raudrev. Innan storvilt vert det felt elg, hjort og villrein. Eidfjord er delt i fleire grunneigarlag og sameiger, dessutan er delar av arealet lagt til Eidfjord statsallmenning. Eidfjord har for hjort til saman 103.635 dekar teljande areal. For elg har kommunen 358.050 dekar.

Forskrift om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Eidfjord kommune, Hordaland syner minsteareal for dei jaktbare artane:

Kommune	Hjort: Minstrareal i daa	Elg: Minsteareal i daa	Rådyr: Minsteareal i daa
Eidfjord	1.000	15.000	-



3 Foto: Endre Læg Reid, 2004

3.1 Hjort i Eidfjord

Hjort er utbreiddt over den sørlege delen av Noreg, opp til Saltfjellet i Nordland. Generelt aukar storleiken på dyra frå sør til nord, og frå kyst til innland. Hjorten går i familiegrupper, og har stadeigne faste leveområde både sommar og vinter.

Gjennom merkeprogrammet Hordahjort har me fått innsikt i vandringsmønsteret til hjorten. Dette syner kort lokal vandring etter årstidene, der dei beveger seg opp mot og ned frå fjellet. Dyra nyttar i hovudsak delen av kommunen som ligg under skoggrensa, med unntak av dei brattaste partia. Dei viktigaste områda er langs Eidfjorden, i Simadal og i liene rundt Læg Reid, Eidfjordvatnet og innover Øvre Eidfjord.

For hjort er Indre Hardanger bestandsplanområde oppretta mellom kommunane Eidfjord og Ullensvang. Forvaltningsområdet går frå Skjeggedal i vest, langs fjorden, til Veigdalen i aust. Området er delt i seks jaktvald og har eit samla teljande arealet på 217.615 daa.

Det er stor førekomst av hjort i Eidfjord, og arten er ein viktig jaktressurs i kommunen. Både tal fellingsløyve og felte dyr har auka dei siste åra. Til tross for auka felling, hevdar ansvarleg for Indre Hardangerfjord bestandsplanområde i søknad om ny bestandsplan for 2022-2024 at indekstal indikera ei auke i bestanden i deira områder.

Fellinginga av hjort i Eidfjord frå 2012 til 2021 syner fylgjande tal.


Jaktår	Tal fellingsløyver	Sum felte hjort
2012	85	43
2013	85	52
2014	85	54
2015	85	41

2016	85	45
2017	85	52
2018	97	43
2019	104	67
2020	104	84
2021	104	79

Tabell 1 Oversikt over fellingsløyve og felte hjort i Eidfjord kommune i perioden 2012-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret/registererte fellingsrapporter frå vald.

Tal jegerdagar og sette dyr frå Hjorteviltregisteret vert ikkje nytta som kunnskapsgrunnlag i denne utgreiinga då rapporteringa har vore mangelfull.

Slaktevekta syner betandskondisjonen til hjortestamma. Diagrammet i figur 3 syner korleis slaktevekta fordeler seg på dei ulike alder- og kjønnsklassane for bestanden i Eidfjord. I diagrammet vil me merka at snitt slaktevekt for koller 1 ½ år bør vera høgare. For Eidfjord i år 2021 ligg den på 46 kg, i åra før har den vore frå 45-50 kg.



Figur 4 Diagrammet syner slaktevekta til hjort i Eidfjord kommune fordelt på alder og kjønn gjennom perioden 2018-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

Slaktevekta til koller er nært knytta til brunst og drektigheit. Forskning frå NINA syner at lette koller vil krevja lengre tid før ho vert drektig. Optimalt bør ei kolla ha vekt mellom 45-48 kg ved jaktstart på hausten for å kunna verta drektig tidleg i sesongen. Då vil kalvane verta fødd tidlegare, og ha ein betre vekst. Tidleg fødte kalvar gjev generelt sett sterke individ.

Jaktår	Tal vege hannkalv	Tal vege hokalv	Tal vege bukk 1 ½ år	Tal vege kalle 1 ½ år	Tal vege bukk 2 ½ år og eldre	Tal vege kalle 2 ½ år og eldre
2018	1	2	0	1	6	2
2019	4	3	0	1	2	2
2020	2	0	2	0	6	4
2021	3	4	3	1	10	3


Tabell 2 Oversikt som syner tal vegde hjorteindivid for dei ulike aldersintervalla og kjønn. Kjelde: Hjortevidtregisteret.

Ser me vidare på talgrunnlaget for slaktevekta i tabell 2, er denne mangelfull. Det finst ikkje info om slaktevekt før år 2018, i tillegg til at det er rapportert få dyr. Dette er difor eit usikkert grunnlag for fleire av kjønn- og artsklassene.

3.1.1 Nasjonal jaktstatistikk for hjort

Jaktstatistikk attende til 1892 syner ein dramatisk vekst i hjortebestanden i Noreg. Fram til 1950-talet vart det felt i underkant av 700 hjort i heile Noreg, det var på dette tidspunktet berre tillete jakt i fem fylker. Det er no tillate med jakt på hjort i alle fylker unntate Troms og Finnmark. Frå 2010 fram til i dag, har årleg felling vore på 35.000-40.000 dyr. Berekingar basert på kjønns- og aldersstruktur, reproduksjonsrater og dødelegheit, indikera ein samla bestand hjort i Noreg på mellom 200.000-250.000 dyr.

Nasjonalt kan me i figur 4 sjå ein oppgang i tal felte hjort frå 2011 til 2020. Tala er frå før fylkessammenslåingane. Hordaland med sin mørkegrøne strek syner til ei betydelig felling på Vestlandet med nesten 10.000 felte dyr i 2019-2020-sesongen.



Figur 5 Diagrammet syner tal felte hjort i Noreg frå 2011 til 2020. Områder uten statistikk er teke ut. Tala er frå før fylkessamanslåinga. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

3.2 Elg i Eidfjord

Elg trivst best i skog, men har gjennom tida tilpassa seg ulike naturtypar. I Noreg finn me elgen i barskogområder i låglandet, i høgfjellet, i bjørkeskogen, i krattskog og røsslynglandskap langs kyst og karrige fjellområde nord til Finnmark. Elgen er mest utbredt i Trøndelag og på Austlandet. Dei ulike naturtypane påverka levemåten til elgen, nokre stader må elgen nytta skjul og beite avhengig av årstidane. Elg er ikkje eit sosialt dyr, og vaksne hanndyr inngår ofte ikkje i dei standard familiegruppene. Familiane er til dels stadbunde.

I vår region nyttar elgen i hovudsak dei høgareliggande områda av fjellskogen i overgangen mot snaufjellet, og har liten grad av sesongvandring. Dei siste 10-20 åra har ein opplevd ein auke i elgens nytting av snaufjellet i sommarmånedane. Elgstamma i regionen og kommunen er lita, me finn hovudsakleg individ i vestlege delar av kommunen. Det er ikkje dokumentert ein etablert elgbestand på Hardangervidda, men dyra trekk over området.

Sist teljing av elg i området vart gjort med helikopter våren 2019 med snø, noko som gav gode sporingstilhøve. Teljinga syna 103 dyr for Eidfjord og Ullensvang. Teljinga syner ikkje dyr nord for riksveg 7. Trafikken og annan menneskeleg aktivitet syner å vera ei effektiv barriere for trekk nord – sør. Fellingsstatisikk nord for Rv7 samsvarer med dette, og syner sporadisk felling.

Elg vert jakta på tvers av kommunegensa mellom Eidfjord og Ullensvang. Difor har Ullensvang villtag (73.700 daa teljande areal) og Vestvidda villtag (242.650 daa teljande areal) ein felles bestandsplan som omfattar tolv jaktvald. Eidfjord har også Eidfjord fjellelg som disponera 144.800 daa. knytt til Statsalmenninga.

Statistikk knytt til felling av elg går berre attende til 2017, og syner fylgjande:

Jaktår	Tal jegerdager	Tal fellingsløyver	Sum felte elg
2017	25	23	4
2018	62	23	6
2019	98	36	19
2020	114	36	15
2021	69	33	15


Tabell 3 Oversikta over tal jegerdagar, fellingsløyve og felte elg i Eidfjord kommune i perioden 2017-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

Diagrammet i figur 5 syner utviklinga i felte og sette elg per jegerdag dei siste 10 åra.



Figur 6 Diagrammet syner bestandsutviklinga for elg i Eidfjord kommune mellom år 2017 til 2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

Levandevekta syner betandskondisjonen til elgestamma. Likt som for hjort, har vekta til ungkua (kviga) stor innverknad på tidspunkt for brunst. Ei elgku vil måtta ha ei levande vekt kring 290-300 kg for å komma i brunst og ha moglegheit for å verta drektig. Dersom levandevekta er lågere, vil ungkua stå over brunsten, og atterkomma neste år. Kalvar fødd tidleg på året som har motteke god næring har betre vilkår for å oppnå tilstrekkeleg kroppsvekt og koma i brunst raskt. Diagrammet i figur 6 syner korleis slaktevekta fordeler seg på dei ulike alders- og kjønnsklassane. Slaktevekta til elg under jakta varierar frå under 45% til cirka 60% av levande vekt. Normalt ligg gjennomsnittet på 50-55% av levande vekta.



Figur 7 Diagrammet syner slaktevekta til elg i Eidfjord kommune fordelt på alder og kjønn gjennom perioden 2019-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

Ser me vidare på tal vegde elgar i tabell 4, er denne mangelfull. Det finst ikkje info om vegde dyr før år 2019, i tillegg til at det etter denne tid er rapportert få eller ingen dyr. Dette er difor eit usikkert grunnlag for fleire av kjønn- og artsklassane.


Jaktår	Oksekalv	Kuklav	Okse 1 ½ år	Ku 1 ½ år	Okse 2 ½ år og eldre	Ku 2 ½ år og eldre
2019	1	0	2	0	1	1
2020	0	0	0	0	1	0
2021	0	0	0	2	2	0

Tabell 4 Oversikt som syner tal vegde elg-individ for dei ulike aldersintervalla og kjønn. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

3.2.1 Nasjonal jaktstatistikk elg

Bestanden av elg i Noreg har i lengre tid vore i vekst. Fram til etter andre verdskrig vart det felt i underkant av 1500 elg i heile Noreg. Etter andre verdskrig, særleg frå 1970-åra spreide elgen seg til nye område mot sør, vest og nord. Samtidig som elgen ekspanderte geografisk, vart det også felt fleire elg. Frå 1990-talet har elgstamma likevel stabilisert seg, eller gått litt tilbake fleire stader i Noreg.

Nasjonalt kan me sjå ein nedgang i tal felte elg frå 2011 til 2020. Tala er frå før fylkessammenslåingane.



Figur 8 Diagrammet syner tal felte elg i Noreg frå 2011 til 2020. Område uten statistikk er teke ut. Tala er frå før fylkessammenslåinga. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

3.3 Rådyr i Eidfjord


Rådyrbestanden i Noreg vart etablert på 1900-talet, og reknast som relativt ny. Arten har trekt frå Sverige, inn på austlandet og i seinare tid spreidd seg til alle Noregs fylke, frå nord i Finnmark og ned i Sør-Noreg. Bestanden er størst i Sør-Noreg, men er i store deler av landet ikkje jakta på. Dette er oftast grunngeve i små, usamanhengande bestandar og streifyr.

I rapporten Viltet i Eidfjord (MVA-rapport 3/2006) utarbeidd av Eidfjord kommune og Fylkesmannen i Hordaland syner dei til at det finst ein liten, men fast bestand rådyr i kommunen. Dei held om sommaren til i område rundt Viveli og Stakseng. Truleg vandrar dyra i vinterperioden ned til Måbø i Måbødalen. Områda rundt Stakseng har gjennomgått store arealbruksendringar siden rapporten i 2006, noko som kan ha innverknad på dagens områdenytting. Eit anna kjerneområde for rådyra er dalføre knytt til Kvamsdalen. Pr. 2006 vert det lagt til grunn at bestanden i kommunen tel 20-30 dyr.

Pr. 2022 er det ikkje opna for jakt på rådyr i kommunen. Lokalt er det inntrykk av at rådyrbestanden har auka sidan kartlegginga i 2006. Rådyr vert observert på bakkar, i hagar og bustadgater på Hæreid og Lægreid, samt i Øvre Eidfjord.

3.3.1 Regional jaktstatistikk rådyr

Viss me tar ein kikk på statistikk knytt til rådyr i Hjorteviltregisteret, er denne smal. For Vestland kan me sjå tildelte og felte rådyr dei siste 10 åra. Me kan sjå at tildelte fellingsløyve har auka, men fellinga har variert. Kvifor tal fellingsløyve har auka, vil me forventa har samanheng med auka bestand.



Figur 9 Diagrammet syner tildelte og felte rådyr i Vestland fylke frå 2011-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.

4 Utfordringar

Ved forvaltning av natur, vil me møte utfordringar på ulike nivå. I hjorteviltforvaltninga møter me mellom anna fylgjande utfordringar me må ta med i vurderinga.

4.1 Naturens bereevne

Naturens bereevne set mål på den største mengda individ av ein art som kan leva i eit visst område over tid. For at ein populasjon skal oppretthalda seg i eit område, må det over tid produserast nok avkom til å erstatta dei individa som etterkvart dør. Bereevna til ein art er avhengig av tilgang på ressursar arten treng for å overleva og reprodusera. Berekapasiteten er ikkje konstant, og vert endra som fylgje av ytre påverknadar.

Dei ulike hjortedyra vil til ein viss grad konkurrera om dei same områda og

beiterressursane. Men deira nærvær vil og påverka ei rekke andre artar i naturen.

4.2 Sjukdom

I 2016 vart skrantesjuka (CWD) påvist hos ei villreinsimle i Nordfjella. Dette var fyrste dokumenterte tilfelle av sjukdommen hos hjortedyr i Europa. Hjort, elg og rådyr vert ansett som mottagelege for sjukdomen. Som konsekvens vart det vedteke forskrift om utvida jakttid på hjort og elg i femten kommunar rundt Nordfjella villrein-område, mellom anna Eidfjord. Jakttida vart utvida som eit ledd i å auka tal fellingar av hjortevilt for å redusera bestanden, minska utveksling av dyr mellom ulike område og som resultat avgrensa førekomsten av skrantesjuka. Villreinbestanden i Nordfjella vert sanert.

Hausten 2020 vart skrantesjuka påvist hos ein villreinbukk sør på Hardangervidda. Som konsekvens vart det vedteke bestandsregulering for å hindra vidare oppblomstring.

Den sjuke bukken vart funnen etter 2000 unike negative prøver, og det har etter den tid vert teke 3500 nye negative prøver.

Utfordringa med skrantesjuka er at sjukdommen har opptil fleire års inkubasjonstid, er svært hardfør og vert lagra i miljøet det smitta individet ferdast. Graden av overlappende områdebruk er viktig for samsynet for smitteoverføring.

4.3 Skadar

Hjortedyra forsyner seg av skog, blomar, og buskar dei kjem over. I tillegg kan det i jordbruket gå utover landbruksprodukt og vekstar. Dette fører til skade og slitasje på natur og avlingar.

Dei små hjortedyra forsyner seg oftast av mindre kvist, blomar og buskar. Artane beiter hovudsakleg kvist vinterstid, hjort beiter og bark i periodar knytt til det fyrste snøfallet. Sommarstid beiter elg og hjort gras i utmark og fjell.

Beiting av kvist og bark kan gje ei langvarig negativ effekt på trea, ein kan spesielt sjå dette på yngre tre. Ved hard kvisting kan det påverka treet si form og svekka produksjonsevnen livsløypet ut. Dette kan ein til dømes sjå i sørenden av Eidfjordvatnet kor hjorten beita barken av ask og alm.

I Eidfjord påfører hjorteviltet generelt liten skade på skog og dyrka mark. Skadepresset auka likevel frå år til år. Per dags dato er skadeomfanget av liten økonomisk karakter.

4.4 Trafikkpåkøysler

Det skjer årleg mange trafikkulykker på veg og jernbane knytt til viltpåkørsel på nasjonalt nivå. Slike ulykker er kostbare for samfunnet, i form av skada og/eller drepte dyr, skadar på involverte menneske og køyretøy. Ulykkene skjer oftast når dyra er på sesongvandring, gjerne grunna store snømengder som kan pressa dyr til snøfattige områder.

I Eidfjord vert påkøysler med døden til utfall registert i fallviltregisteret. Her har me få registreringar. Me har dog fleire registreringar på dyr som overlever, eller dyr som ettersøkslaget ikkje finn igjen etter samanstøtet. Me har difor ikkje tydelege tal på omfanget. Ettersøkslaget er på aksjon mindre enn ein gong i månaden, men har registrert ein auke i tal oppdrag som konsekvens av auka rådyrbestand.

4.5 Andre utfordringar

Knytt til hjortevilt kan det førekoma akutte konflikhtar mellom hjortevilt og mennesker. Kommunen vert ofte kontakta av politi, publikum eller andre offentlege instansar når slike hendingar inntreffer.

Når hjortevilt oppheld seg nær høgtraffikerte vegar, kan dei ofte utgjera ein fare om dei ynskja å kryssa vegen. Normalt vert dyra drive til skogs, om dei ikkje forsvinn av seg sjølv. Den siste løysinga er avliving, dersom skadepotensialet er høgt.

For Eidfjord sin del, er bratt terreng og ulendte lier ein av dei større årsakene til irregulær avgang av hjortevilt.



10 Foto: Gunnar Elnan, 2004

5 Målsetjingar for forvaltning av hjort og elg

Hjorteviltforskrifta § 3 legg opp til at kommunen skal setja mål for utviklinga til bestanden på elg, hjort og rådyr, der det er opna for jakt på artane. Hjortevilt er ein naturressurs me nyttar, og dette må gjerast på ein berekraftig måte. Forvaltninga av hjorteviltet har ein målsetjing om avkastning i form av kapital, men og i form av rekreasjonsjakt og opplevingar. Jakta står sterkt i Eidfjord knytt til matauk, men og til kulturarv og bygda sin identitet.

Målsetjingane framlagt i kapittelet skal vera ein grunnpilar i kommunen si forvaltning av hjortevilt, og vil vera ein rettleiar når kommunen tek val knytt til hjorteviltet.

For mål knytt til bestandstettleik og tilhøve mellom individv, nyttar me lokalt skjønn og kunnskap i samband med data frå Hjorteviltregisteret. Dette grunngjeve i kor mange hjort og elg som finst i kommunane, er det ingen som med sikkerheit veit. Det er då viktig å ta utgangspunkt i den lokale kjensla og kunnskapen.

Kapittelet tek føre seg parameter som er avgjerande for forvaltninga av hjort og elg; bestandstettleik og samansetning, kunnskap og organisering, helse, skadar og arealbruk. Dei ulike delkapitla syner målsetjingar og tiltak/delmål knytt til hovudmålet. Dei fleste gjeld for fellesforvaltninga, i nokre spesifikke er det spesifisert kva art ein knytta delmålet til.

5.1 Bestandstettleik og samansetjing

Tettleiken av hjort og elg skal stabiliserast på eit nivå som til ei kvar tid er vurdert som berekraftig med omsyn til beitegrunnlag, skadeomfang og biologisk mangfald.

5.1.1 Målsetjingar knytt til hjort

Delmål/tiltak:

- Bestandssamansetjinga av hjort skal freista å halda forhold mellom kolle og bukk nær 1 til 1
- Bestanden skal ha eit solid innslag av eldre dyr, ved felling skal maksimalt 40% av felte dyr vera definert som vaksne/eldre. Kalv og ungdyr skal utgjera 60% av fellingsuttaket
- Felling av hjort skal skje gjennom avskytingsplan og fordela seg på kalv, ungdyr og vaksne/eldre. Dette skal gje ei stamme med god kjønns- og alderssamansetting
- Fellingsprosenten bør på kort sikt vera minimum 70% i kommunen, og minimum 65% i alle vald. På lengre sikt bør fellingsprosenten auka til 80-90%

Delmål/tiltak knytt til situasjonen kring skrantesjuka:

I samband med situasjonen knytt til skrantesjuka, set kommunen nokre mål som rettar seg spesielt mot å redusera tettleiken av dyr ved å auka uttak og gjennomføra prøvetaking. Mål er sett med utgangspunkt i situasjonen vår/sommar 2022.

- Bestandstettleiken av hjort i Eidfjord kommune skal haldast lågare enn i ein normalsituasjon, som konsekvens av dagens situasjon knytt til skrantesjuka
- Felling av hjort skal fordela seg på kalv, ungdyr og vaksne. Det skal vera høgst uttak av kalvar. Tildelinga av fellingsløyve for kalv skal vera mellom 40-50 % høgare enn for til dømes bukk og kolle
- Det skal arbeidast mot ein reduksjon i bestanden av hjort
- Det skal takast CWD-prøve av alle felte dyr som er 2 år og eldre, dette gjeld og fallvilt

5.1.2 Målsetjingar knytt til elg

Delmål/tiltak:

- Bestandssamansetjinga skal vera sunn og innehalda ein god kjønns- og alderssamansetjing
- Tildeling av tal fellingsløyve, og fellingsprosent samsvarar ikkje. Fellingsprosenten må aukast. På kort sikt vil me ynskja auke til minimum 60 % i kommunen, på lengre sikt ein fellingsprosent auka til 70-80 %
- Felling skal skje gjennom avskytingsplan og vera kjønnsnøytral, då dette gjev ein robust bestand
- Historisk har det vore overvekt av hanndyr i bestandsplanområdet grunna trekk av ungdyr frå aust. Dette har gjeve overskot av hanndyr, som må utjammast

Delmål/tiltak knytt til situasjonen kring skrantesjuka:

I samband med situasjonen knytt til skrantesjuka, set kommunen nokre mål som rettar seg spesielt mot å redusera tettleiken av dyr ved å auka uttak og gjennomføra prøvetaking. Mål er sett med utgangspunkt i situasjonen vår/sommar 2022.

- Bestandstettleiken av elg i Eidfjord kommune skal haldast lågare enn i ein normalsituasjon, som konsekvens av dagens situasjon knytt til skrantesjuka
- Felling av elg skal fordela seg på kalv, ungdyr og vaksne. Det skal vera høgast uttak av kalvar. Tildelinga av fellingsløyve for kalv skal vera mellom 30-40 % av totaluttaket
- Det skal arbeidast mot ein redusert bestand av elg
- Det skal takast CWD-prøve av alle felte dyr som er 2 år og eldre, dette gjeld og fallvilt

5.2 Helsetilstand og produksjonsevne

Bestanden skal vera sunn, og ha ei stabil og god produksjonsevne. Dyra skal vera friske, i god storleik og ha gode tilgjengelege beiteareal

5.2.1 Målsetjingar knytt til hjort

Delmål/tiltak:

- Bestandskondisjonen vert ynskt auka, slaktevekta for vaksne dyr bør opp
- Ved felling av mordyr og kalv, bør alltid kalven fellast før mordyret
- Svake, sjuke og skada dyr skal takast ut for å hindra svekking av bestanden

5.2.2 Målsetjingar knytt til elg

Delmål/tiltak:

- Bestandskondisjonen skal oppretthaldast. Ei høg levandevekt vil gi ein sunn bestand med sterke avkom
- Produksjonsdyr med til dømes tvillingar, vil verta freda i jakta
- I bestanden skal me sikra eldre oksar
- Svake, sjuke og skada dyr skal takast ut

5.3 Skadar

Det generelle skadenivået skal haldast på ein minimumsnivå. Til dømes beiteskadar på utmark, landbruk og annan eigedom, dessutan skadar knytt til trafikk.

Delmål/tiltak:

- Skadar på landbruksareal skal haldast på eit minimumsnivå. Ved behov for tiltak til forhindring av skadar knytt til hjortevilt kan det søkjast det kommunale viltfondet for tilskot
- Det kommunale viltfondet skal nyttast ved handtering av skadd vilt og fallvilt, samt fremjing, kunnskap og organisering knytt til jakt
- Kommunen bør kartleggja skadar i utmark, landbruk og annan eigedom
- Kommunen bør kartleggja skadar knytt til trafikk

5.4 Kunnskapsgrunnlag og organisering

Kommunen og jaktvalda skal ha som mål å til ei kvar tid ha best mogleg oversikt over hjortebestanden. Det skal også vera eit mål heile vegen å auka kunnskapen knytt til bestanden.

Delmål/tiltak:

- Alle sette dyr skal registrerast i Hjorteviltregisteret
- Alle felte dyr skal vegast og registrerast i Hjorteviltregisteret. Dette vil gi oss betre informasjon om bestandskondisjonen
- Alle jegerdagar skal registrerast i Hjorteviltregisteret
- Alle vald skal ha levert fellingsrapport seinast 14 dagar etter jaktavslutning
- Forvaltninga av arten skal skje basert på utarbeidde bestandsplanar
- Kommunen og jaktvalda skal saman arbeida for eit godt samarbeid mellom offentlege og private aktørar knytt til jakta
- Kommunen skal nytta «sett hjort/sett elg/sett rådyr» som eit godt korrigeringsverktøy i løyvetildeling
- Kommunen, viltnemnda og jaktvalda skal saman arbeida for ei sikker og human jakt

Delmål/tiltak knytt til situasjonen kring skrantesjuka:

- Nyting av løyve i bestandsplanområda vert oppmoda til å aukast

5.5 Arealbruk og trekkmonster

Viktige trekkveggar og leveområde for hjorten skal ivaretakast i kommunen si arealplanlegging og utbygging. Konflikta mellom hjorten sin arealbruk og andre samfunnsinteresser skal minimerast.

Delmål/tiltak:

- Hjorteviltet sitt arealbruk skal vurderast i kommunen sitt utviklingsarbeid. Busetnad skal ta omsyn til trekkveggar
- Tilretteleggja for å behalda og etablera ny grøn infrastruktur
- Dersom skadar forårsaka av hjortevilt vert for markante, må bestanden vurderast redusert

6 Målsetnad forvaltning av rådyr

I Eidfjord kommune er det per dags dato ikkje opna for jakt på rådyr. Rapporten Viltet i Eidfjord frå 2006 syner til at det har vært etablerte rådyrstammer i Eidfjord over tid. Lokale observasjonar syner at bestanden truleg har auka, og at dyra er nærgående menneske og busetnad.

Hjorteviltforskrifta § 5 syner at ved avgjerd om opning av jakt, skal arten si bestandsutvikling i området vektleggjast. Vidare skal me gjera ei heilskapleg vurdering i samsvar med § 1, kor me har fokus på å ivareta bestanden, men også sikra ei berekraftig nytting av ressursane.

Rådyr er ein vanskeleg art å kartleggja, då dei glir godt inn i terrenget og oppheld seg ofte i kratt og skog. Det finst på landsbasis lite statistikk på rådyr, og fagkyndige har ikkje metodikkar for teljing av arten. Kommunen vil difor i åra framover oppmoda til å kartleggja bestanden og auka kunnskapsnivået kring lokal forvaltning av arten.

Parallellt med utarbeidinga av bestandsmål for hjortevilt vert det framlagt forslag knytt til ei ny forskrift kvar ein ynskja å opna for jakt på rådyr i Eidfjord kommune. Den nye forskrifta knytt til jakt på elg, hjort og rådyr er pr. 13.06.2022 lagt på offentlig høyring og ettersyn. Delmåla/tiltaka vert om det vert opna for jakt eller ikkje, ei viktig brikke i å auka kunnskapsgrunnlaget knytt til rådyr i kommunen.

Hovudmålet knytt til forvaltning av rådyr er å ha ei berekraftig og sunn stamme som har gode beitevillkår og utgjør liten skade i bygda.

Delmål/tiltak:

- Kartleggja storleiken på rådyrstamma i Eidfjord kommune ved hjelp av lokalkunnskap
- Kartleggja trekk- og beiteområde i Eidfjord kommune ved hjelp av lokalkunnskap
- Vera obs på nivå av skadar knytt til landbruk, i bustadfelt og i trafikken knytt til arten
- Oppmoda jegarar til å registrera «sett rådyr», på lik lina som ved sett hjort og elg
- Ved ei eventuell opning av jakt på rådyr vil kommunen ta ei aktiv rolle inn mot godkjente hjort- og elgvald kring vidare forvaltning av rådyr

7 Oversikt figurar og tabellar

1 Foto: Bente Elin Hereid.....	1
2 Foto: Jan Arne Bu, 2022.....	6
3 Foto: Endre Læg Reid, 2004.....	8
Figur 4 Diagrammet syner slaktevekta til hjort i Eidfjord kommune fordelt på alder og kjønn gjennom perioden 2018-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	9
Figur 5 Diagrammet syner tal felte hjort i Noreg frå 2011 til 2020. Områder uten statistikk er teke ut. Tala er frå før fylkessamanslåinga. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.....	10
Figur 6 Diagrammet syner bestandsutviklinga for elg i Eidfjord kommune mellom år 2017 til 2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	12
Figur 7 Diagrammet syner slaktevekta til elg i Eidfjord kommune fordelt på alder og kjønn gjennom perioden 2019-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	13
Figur 8 Diagrammet syner tal felte elg i Noreg frå 2011 til 2020. Område uten statistikk er teke ut. Tala er frå før fylkessammenslåinga. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.....	14
Figur 9 Diagrammet syner tildelte og felte rådyr i Vestland fylke frå 2011-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	15
10 Foto: Gunnar Elnan, 2004.....	17
Tabell 1 Oversikt over fellingsløyve og felte hjort i Eidfjord kommune i perioden 2012-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret/registererte fellingsrapporter frå vald.....	9
Tabell 2 Oversikt som syner tal vegde hjorteindivid for dei ulike aldersintervalla og kjønn. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	10
Tabell 3 Oversikta over tal jegerdagar, fellingsløyve og felte elg i Eidfjord kommune i perioden 2017-2021. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	11
Tabell 4 Oversikt som syner tal vegde elg-individ for dei ulike aldersintervalla og kjønn. Kjelde: Hjorteviltregisteret.....	13